

Vår ref.: 2006/2920
Arkivnr.: 632.0

Dykkar ref:
Vår dato: 03.05.2006

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo


Oppsummering av høringsfråsegn til del II av læreplan for Kunnskapsløftet

Vi viser til brev av 07.03.06 der Kunnskapsdepartementet gjev fylkesmennene i oppdrag å oppsummere høringsfråsegn frå kommunar, fylkeskommunen, friskolar og statlege skolar.

Ved utløpet av høringsfristen har Fylkesmannen i Rogaland berre motteke to fråsegner, frå Rogaland fylkeskommune og frå Tysvær kommune. Begge desse sluttar seg i hovudsak til innhaldet i del II. Vi sender med høringsfråsegnene som vedlegg.

Med helsing


Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør


Jorunn H. Barka
rådgivar

Vedlegg: høringsfråsegn frå Rogaland fylkeskommune og Tysvær kommune

Saksbehandlar: Jorunn H. Barka
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 24
E-post: jorunn.barka@fmro.no

Dato:27.03.2006

Saksnr.:2006/1278

Løpenr.:5707/2006

Arkiv:

Sakshandsamar:Hartvig Waage

DEL II TIL LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET - INVITASJON TIL HØYRING

Saksnr	Utval	Møtedato
	Oppvekst- og kulturutvalet	06.04.06

SAKSUTGREIING:

Læreplanverket for kunnskapsløftet skal etter planen bestå av tre delar:

- Generell del – Del I
- Prinsipp og rammer for opplæringa – Del II
- Læreplanar for fag – Del III

Det er den nye Regjeringa som har tatt initiativet til ein Del 2 for å kunne utdjupa retningslinjer og prinsipp meir enn det Læringsplakaten gjer. Soleis er læringsplakaten ein inkludert del av del 2. Sjølve læringsplakaten er ikkje til høyring.

Bakgrunnen er at Regjeringa legg stor vekt på at elevane utviklar ein brei basiskompetanse. Skulane sitt ansvar for å utvikla sosial kompetanse, motivasjon for læring og læringsstrategiar skal innarbeidas i denne nye del 2.

Prinsippa skal vera med på å tydeleggjera skuleeigar sitt ansvar for at opplæringa er i samsvar med regelverket, og at dei er tilpassa lokale og individuelle behov.

Høyringsutkastet har vore ute på skulane til høyring. Der har dei vore handsama i nettverksgrupper for fag som er etablerte mellom skulane. Fylgjande kommentarar er komne inn:

Sosial - og kulturell kompetanse:

- *"Eit tydelig verdigrunnlag" – Her vert nemnt demokratisk sinnelag som ein verdi. Kva andre verdier skal ein fremja. Kva med den kristen formålsparagrafen. Er den erstatta av felles kulturelle verdier?*
- *Sosialkompetanse er for dei fleirkulturelle elevane, og også mange norske, knytte til norskunnskapar. Språket er ein nøkkel!*

Motivasjon for læring og læringsstrategiar:

- *I samband med læringsstrategiar kunne det vore nyttig å dra inn omgrepa Læringsstilar og Mange intelligensar. Desse er knytte opp til val av læringsstrategiar, og er i dag vel kjende omgrep i skulemiljøa.*
- *Andre rammetilhøve også mykje å seia for motivasjon og læring. Dette kan vera fysiske tilretteleggingar, variert og egna materiell, lærartettleik osv.*
- *Vi veit at foreldra sine forventningar til barna og deira holdningar til skulen spelar ein svært stor roll for elevane sin motivasjon for læring og utvikling.*
- *Det er litt paradoksalt at elevane får stor frihet til å utvikla personlege arbeidsmåtar mens eksamen er svært styrande på same område.*

Elevmedverknad:

- *Det står at dette skal tilpassas elevane sin alder. Vi meiner også at dette må tilpassas elevane si modning.*

Tilpassa opplæring og likeverdige muligheter:

- *Når skulen individtilpassar undervisninga må ein ha sterkt fokus på fellesverdier og fellesopplevingar i tillegg. Skulen er ofte den einaste staden for fellesopplevingar og ein stad for inkludering.*
- *Praktiske aktivitetar som Valfag og Eleven og skulen sitt val synes å vera borte i Kunnskapsløftet. Vi ser det som svært uheldig at elevar med praktiske evner og vanskar i dei teoretiske faga ikkje ser ut til å få tilbod.*

Samarbeid med heimen:

- *Syner til punktet under motivasjon: Vi veit at foreldra sine forventningar til barna og deira holdningar til skulen spelar ein svært stor roll for elevane sin motivasjon for læring og utvikling.*

Samarbeid med lokalsamfunnet

- *Bemerkning til siste setning om "Godt samarbeid". Vi meiner det bør vera eit krav om formalisert samarbeid*

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommune sluttar seg til innhaldet i Del II i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, "Prinsipper for opplæringen".

Kommunen meiner vidare at dei innspela/kommentarane som det er gjort greie for i saksutgreiinga er nyttige og viktige i samband med den endelege utforminga av Del II, og ber om at desse vert vurdert.

Arne Jensen
Rådmann

Hartvig Waage
skulesjef

Vedlegg: Høyringskriv frå Kunnskapsdepartementet

Fylkesrådmannen i Rogaland
Opplæringsavdelingen
Postboks 130
4001 Stavanger

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 dep
0032 OSLO

25. april 2006

Høringsuttalelse – Kunnskapsløftet, Del II Prinsipper for opplæringen.

Fylkesrådmannen i Rogaland ser positivt på Del II Prinsipper for opplæringen, men vi vil presisere følgende som viktig for at skolene vil bruke også denne delen av læreplanverket:

- Det må ikke presenteres for mye tekst og heller ikke for mange gjentakelser av de samme momentene.
- Det er fint med henvisinger til Opplæringsloven, forskriften og læreplanverkets generelle del under avsnittene. Det styrker helheten.
- Omtale om vurdering i grunnopplæringen i læreplaner for Kunnskapsløftet – med høringsfrist 15.01.06 – bør plasseres i sammenheng med del II, slik som fotnoten i høringsbrevet sier at andre omtaler vil få plass.
- Det blir viktig, når alle deler av læreverket med sine underavsnitt er ferdige, at alt får en helhetlig og tydelig struktur, slik at alt virker til forpliktende bruk i skolehverdagen.

Forslag / tilføyelse: På grunn av satsing på økt fysisk aktivitet i skolen foreslås på s. 2 under avsnittet Motivasjon for læring..., 1. avsnitt, siste setning:
...., muligheter for aktiv medvirkning og **økt fysisk aktivitet** bidrar til lærelyst....

Med hilsen

Ruth Meidell Sande
Opplæringsavdelingen
Fylkesrådmannen i Rogaland

Sendes tjenestevei via Fylkesmannen i Rogaland – elektronisk.